

Me ønskjer at arbeidsgruppa skal vera eit alternativt undervisningsopplegg utanfor klasserommet – i naturen. Fokus er gode opplevingar, meistring og vennskap.

***Arbeidsgruppa si pedagogiske forankring frå LK20 er frå overordna del og frå opplæringa sitt verdigrunnlag. M.a:***

*1.4 Skaparglede, engasjement og utforskartrong. Skulen skal la elevane utfolde skaparglede, engasjement og utforskar trong, og la dei få erfaring med å sjå moglegheitar og omsetja idear til handling.*

*1.5 Respekt for naturen og miljømedvit. Skulen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljømedvit.*

*2.1 Sosial læring og utvikling.*

*Opplegget er også forankra i skulen sine verdiar: Vi-skule, leksebevisst, samarbeid, inkludering og livsmeistring.*

Kvar torsdag frå 9.15-14.00. Storleik ca 10 stykk, på tvers av trinn.

Opgåver:

- Rydda skog, saga, spikka, grava, kløppa og hogga.
- Brenna bål, laga mat og drikka.
- Bygga gapahuk.
- Planting og dyrking.
- Lære om og ta vare på naturen.
- Frileik og styrt leik.
- Planlegga og utvikla området også i høve til leik.
- Lære om kart og kompass.
- Lære om lokalsamfunn og historie.